

Referat frå møte i Brukarutvalet i Helse Bergen

Tid og stad	Måndag 24.03.25 kl. 09-14, Finstua, Bikuben kurs- og konferansesenter
Til stade	FFO: Eli Sjo, Michael Sønnesyn, Marianne Sundvor, Maria Stokke Mindestrømmen, <u>SAFO</u> : Christel Bersaas-Nesse, <u>Pensjonist forbundet</u> : Torveig Botnen, <u>ProLARnett</u> : Christine Lønne, <u>Vestland Innvandrerråd</u> : Everline Mjømen, <u>Kreftforeningen</u> : Atle Grung Eide. <u>Seksjon for samhandling</u> : Randi Bjørgen Johannessen (referent) og Merete Eide Hernes
Fråvær	FFO: Lene Nilsen, SAFO: Renate Toft,

Sak	Saka gjeld
25/17	<p>Godkjenning av dagsorden og innkalling av dagsorden Godkjenning av referat frå møtet 18.02.2025</p> <p>Avgjerd: <i>Referat frå møtet 18.02.25, innkalling og dagsorden er godkjend.</i></p>
25/18	<p>Kva rører seg i sjukehuset? v/administrerande direktør Eivind Hansen Ventetida i Helse Bergen går rett veg, og det blir fortløpende jobba med å redusere talet på ventande. Status for februar 2025; det er 2740 færre ventande nå samanlikna med juli 2024. Målet er å tilby behandling til 1500 fleire pasientar innan juni 2025. Tiltak som auka takst for helg og kveldsarbeid er innført i ein avgrensa periode og fram til 30. april 2025. Det er også inngått fleire avtalar med private klinikkar for å nå ventetidsmåla.</p> <p>Det blei orientert om høg aktivitet i somatiske avdelingar, der belegget svingar med kvardagar og helg. For å sikre at den samlande kapasiteten i sjukehuset blir utnytta på ein best mogleg måte blir det kvar dag halde kapasitetsmøtet klokka 13.00.</p> <p>Medisinsk klinikk er i gang med å planlegge ny Seksjon for geriatri. Geriatrisk sengepost skal etter planen opne i september 2025. Det er planlagt 14 sengeplassar, åtte akuttgeriatriske senger og seks senger for skrøpelege eldre pasientar med infeksjonar.</p> <p>Marie Joys 'hus er gjenopna etter å ha blitt klargjort for nye brukarar. Avdelingane som no har flytta inn er;</p> <ul style="list-style-type: none"> - Medisinsk post for blodsjukdommar - Kreft post 2 - Medisinsk poliklinikk - Fertilitetssenteret <p>Tysdag 4. mars 2025 besøkte helseminister Jan Christian Vestre Eitri (innovasjon i helsesektoren) for å få ein nærmare titt på dei innovative løysningane som blir utvikla i Bergen. Vestre fekk innsikt i korleis desse nyvinningane kan bidra til å effektivisere helsearbeidet, auke pasientsikkerheita og forbetra behandlingane som blir tilbodne i Noreg.</p> <p>Offisiell opning av protonbygget er planlagt 13. Mai 2025.</p> <p>Avgjerd: <i>Brukarutvalet takkar for informasjonen og tar den til orientering.</i></p>

25/19	<p>Årleg rapport; rammeverk for samfunnsansvar v/sekjonsleder Lasse Hatletvedt</p> <p>Rammeverk for spesialisthelsetenesta sitt samfunnsansvar gjeld for regionale helseforetaka og lokale helseføretak, samt felleside helseføretak. Helse Bergen er i gang med rapporten for 2025, som skal behandlast i styremøte 3. april 2025.</p> <p>Rammeverket som blir nytta, er nasjonalt og eit godt utgangspunkt for å adressere ein del problemstillingar som offentlege føretak må sikre gjennom gode strukturar og systematisk oppfølging. Innretninga er mot korleis spesialisthelsetenesta skal unngå negativ påverking på omgivnadene innanfor dei tre hovud overskriftene:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Sosiale forhold - Miljøforhold - Økonomiske forhold <p>Det er sett ned ei eiga arbeidsgruppe for å jobbe med dette.</p> <p>I rapporten fra 2023 blei det løfta fram tre områder som viste at det var grunn til å jobbe meir med:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Innkjøp der Sjukehusinnkjøp ikkje inngår og forvaltar kontraktane - Naturmangfold og økosystem - Anti korruption/habilitet <p>Gjennomgang av status for 2024 viser at det framleis er desse områda som bør prioriterast med tanke på å gjere utviklingstiltak. Gjennomgangen viser også at dei alle har blitt forbetra og utvikla sidan førre rapportering.</p> <p>Avgjerd:</p> <p><i>Brukarutvalet takkar for informasjonen og tar den til orientering</i></p>
25/20	<p>Presentasjon av årsrapport for Pasient og brukarombodet v/seniorrådgivar og lokal fagleiar Marianne Gjøsæther Litland, kontor Bergen.</p> <p>Pasient og brukarombodet arbeider for å vareta pasientar og brukare sitt behov, interesser og rettstryggleik i møte med pasientane og brukarane, spesialisthelsetenesta, den fylkeskommunale tannhelsetenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta, og for å forbetre kvaliteten i desse tenestene.</p> <p>I 2024 fekk Pasient- og brukarombodet nasjonalt 17723 førespurnader. For første gong på fem år er det ein liten nedgang i talet som tar kontakt.</p> <p>Fordeling andel saker mellom spesialisthelsetjenesten, kommunal helse- og omsorgstjeneste og offentlig tannhelsetjeneste:</p> <ul style="list-style-type: none"> - 56 % spesialisthelsetenesta - 43% kommunal helse- og omsorgstenesta - 1% offentleg tannhelsetenesta. <p>Fleire av sakene er registrerte både i spesialisthelsetenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta. Desse handlar ofte om overgangar der pasienten blir flytta mellom dei ulike nivåa, eventuelt også om samarbeid mellom tenestenivåa. Pasient- og brukarombodet får ikkje tal på kva som blir følgt opp, om ikkje pasienten sjølv gir tilbakemelding. Pasient- og brukerombudet - Årsrapport 2024 - Nynorsk</p> <p>Avgjerd:</p> <p><i>Brukarutvalet takkar for informasjonen og tar den til orientering</i></p>
25/21	<p>Endringar i Norsk pasientskadeerstatning (NPE); Forslag til høyringsutalelse frå Brukarutvalet v/leiar Eli Sjo</p> <p>Leiar presenterer eit utkast som forslag til høyringsfråsegn.</p>

	Avgjerd: <i>Forslaget blir einstemmig vedtatt. Koordinator vidaresender forslaget til sakainnmelder.</i>	
25/22	Eventuelt 1. Orientering om stenging av kafé i Glasblokkane helg/heilagdagar 2. Oppnemning av Brukarmedverknad til prosjekt ved Læring og meistringssenteret Avgjerd: <i>Brukarutvalet takkar for orienteringa om stenging av kafé i Glasblokkane og tar den til orientering. Nestleiar Atle Grung Eide blir vald som brukarmedverkar til prosjekt ved Læring og meistringssenter</i>	1. 1.
25/23	Program Sentralblokka v/ Prosjektleder Merethe Storegjerde og spesialkonsulent Helge Bergmann. <i>Saka utgår og blir sett opp igjen på møtet 28.04.25.</i>	
25/24	Årsrapport for LIM (likestilling, inkludering og mangfold) v/rådgivar Irene Thornes Hope. Helse Bergen jobbar for likestilling, og mot diskriminering, trakassering og stereotypisering av enkeltpersonar og grupper i samfunnet, med mål om å kunne tilby ein likeverdig helseteneste. Rapporten blir presentert for Ungdomsrådet og Brukarutvalet i mars, og blir styrebehandla i april 2025. Helse Bergen skal jobbe med likestilling og diskriminering på grunn av <ul style="list-style-type: none"> • kjønn • graviditet og permisjon ved fødsel/adopsjon, omsorgsoppgåver • etnisitet, religion, livssyn • funksjonsnedsetting • seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk • alder • kombinasjonar av desse forholda. Plikta omfattar alle aktivitetar som pasienttilbodet, universell utforming, digitale tenester, kommunikasjon, informasjon og medverknad. Det er viktig å kartlegge korleis sjukehuset er tilrettelagt for pasientar og andre på desse områda, og på kva område det bør vurderast å sette inn forbetingstiltak. <i>Innspel i møtet:</i> <ul style="list-style-type: none"> - Oppdatere side 5; Brukamedverknad - Tolketeneste; sikre at krav til kompetanse blir varetatt. Opprette kurs i kultursensitivitet i samband med tolketenesta - Systematisera samarbeidet med Brukarutvalet - Arbeid med haldningar blant tilsette Vedrørande kjønn - Viktig at Brukarutvalet har dette arbeidet med inn i diskusjonar der det er aktuelt, for eksempel i Kvalitets- og pasienttryggleiksutvala.. - Utarbeide kurs i kultursensitivitet. - Bruke "minoritet med innvandrarbakgrunn» framfor innvandrar/fleirkulturell. - Leiaransvar- gode haldningar, tydelege forventingar til tilsette (som del av leiarprogram/opplæring) - Opprette eiga temaside for tilsette. - Opprette arbeidsgruppe som arbeider med implementerings - viktig at brukarmedverkar er med i dette arbeidet. 	

	<p>Avgjerd: <i>Brukarutvalet takkar for informasjon og moglegheit for å komme med innspel. Brukarutvalet ser fram til vidare samarbeid om dette viktige arbeidet.</i></p>
25/25	<p>Eigenevaluering av Brukarutvala i Helse Vest 2024 v/leiar Eli Sjo.</p> <p>I etterkant av internrevisjonen om brukarmedverknad på systemnivå i Helse Vest vart det oppmoda om at brukarutvala bør gjennomføre ei årleg eigenevaluering. Regionalt brukarutval i samarbeid med dei lokale brukarutvala i Helse Vest laga eit spørjeskjema som blei sendt ut hausten 2024. I Helse Bergen var det 7 av 11 medlemmar i Brukarutvalet som svarte på undersøkinga. Brukarmedverknad i Helse Bergen kom godt ut i spørjeundersøkinga, noko som nok kan sjåast i samanheng arbeidet som vart gjort i prosjekt <i>Betre brukarmedverknad 2019 – 2022</i>.</p> <p><i>Innspel i møtet:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Dersom ein opplever å ikkje bli høyrta- må ta det opp.</i> - <i>Som ny blir det opplevd å vere god ”takhøgde”, med rom for å gi innspel under møta.</i> - <i>Dersom det er noko ein opplever utfordrande-ta det opp med leiar. Viktig at ein kjenner seg varetatt.</i> <p>Avgjerd: <i>Brukarutvalet takkar for informasjonen og tar den til orientering.</i></p>

25/26	<p>Korleis styrke implementering av pasienttryggleikstiltak gjennom effektiv brukarmedverknad? v/ Hilde Valen Wæhle og Stig Harthug</p> <p>Forskningsprosjektet "Implement it" undersøker korleis pasienttryggleiksstiltak kan implementerast meir effektivt i helsetenesta. Målet er å lære av erfaringar frå tre tiltakspakkar for pasienttryggleik – <i>Rett bruk av antibiotika, Legemiddelsamstemming og Tidleg oppdaging av forverra tilstand</i> – for å utvikle kunnskap som gir varige resultat. Prosjektet fokuserer på integrering i praksis og betydninga av lokale forhold og arbeidsmiljø.</p> <p>Foreløpige funn: Sette i verk tiltak viser engasjement og kortsiktig suksess, men lokal tilpassing manglar. Pasientmedverknad er viktig, men lite brukt.</p> <p><i>Innspel i møtet:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Brukarutvalet er representert i 15 ulike kvalitets- og pasienttryggleiksutval (KPU), også på lokale tenestenivå (pasientretta arbeid). I møta er det fast gjennomgang av uønska hendingar- korleis jobbe for å unngå dette. Brukarrepresentanten kan da komme med innspel til forbetring • Nokre saker blir løfta opp til styremøte. • Brukarutvalet opplever at dei blir ivaretatt og at stemmene deira blir høyrd. • I forskingsutval og Klinisk etikk komité (KEK) – er ein brukarrepresentant med i komiteen. • Brukarutvalet har deltatt jamleg på undervisning for LIS legar (førre leiar og nestleiar) • Brukarutvalet har deltatt på nettverkssamlingar i sjukehuset, der brukarmedverknad blir presentert. • Vanskeleg å måle påverking av den jobben Brukarutvalet gjer. • Eit kvalitets bevis at ulike tenester frå heile sjukehuset ønsker å presentere saker for Brukarutvalet. I lengda kan det ha ein verknad. • Brukarutvalet har ulik kompetanse, og opplever at dei får utnytta det i dei ulike foruma. • Pasientorganisasjonar spelar inn saker som Brukarutvalet bør følge opp i sjukehuset. • Brukarutvalet og Ungdomsrådet deltek årleg på lokal pasienttryggleikskonferanse. • Brukarutvalet har bidratt i arbeidet med Regionalt rammeverk for pasienttryggleik i Helse Vest • Brukarutvalet er involvert i prosjekt og planarbeid som har påverknad for pasientbehandling (systemnivå) <p>Avgjerd:</p> <p>Brukarutvalet takkar for informasjonen og for moglegheita til å komme med innspel.</p>
--------------	--